



Mjåtveitmarka B16 As  
c/o Byggmester Hitland AS Midtunheia 2  
5224 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6838 - 22/96867

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
04.01.2023

## **Førehandsvarsel om gebyr for brot - gbnr 322/190 Mjåtveit**

Tiltak: Forureining ved byggearbeid  
Byggjestad: Gbnr 322/190 Mjåtveit  
Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 As  
Heimelshavar: Rygir Tomteutvikling As  
Ansvarleg søkjar: Tyark As

Dette brevet er ei korrigering av brev datert 08.12.22 der det var oppgitt feil tiltakshavar. Innhaldet i brevet er det same, men frist for tilbakemelding er forlenga.

Alver kommune har vorte merksam på at det i haust vart utført arbeid med ferdigstilling av uteareal til byggeområde B5 innanfor reguleringsplanen til Mjåtveitmarka. I forbindelse med arbeidet vart det henta jordmassar frå eigedom med gnr. 322 bnr. 190 som er tilkjørt til B5.

Arbeidet medførte betydeleg partikkelforureining av Kloppedalsbekken som renn ut i Mjåtveitelva, eit vassdrag som er underlagt særskilt vern. Det er også sett klare krav om tiltak ved utbygginga som skal hindre påslepp av partikkelforureina vatn. Etter kva vi kan sjå vart rensecontainer fjerna i 2020:

Vedr krav om tiltak for å hindre forurensning av Mjåtveitelva satte vi inn rensecontainer.

Vi ønsker no å fjerne denne med følgende grunn:

- Grunnarbeider er no ferdige for den del som ligger mot vassdraget.
- For «Kvernhusbekken» så er denne lagt i rør på den del av tomten som ikke er ferdigstillt.
- De 2 siste vannprøver viser også gode resultat som er under maksverdi for partikkelstøv.
- Vi ønsker også å ferdigstille grønntareal der container er plassert.

Kommunen sitt svar:

De har ansvar for at det ikkje kan skje fare for forureining. Så lenge de er sikre på at det ikkje vil skje, så kan de fjerne containeren.

Kommunen har fått inn dokumentasjon som påviser omfattende partikkelforureining som følge av arbeidet med opparbeiding av uteoppholdsarealet til B5:

**Vannprøve 17.08.22**

Målepunkt 1, nedstrøms fangdam 2: 22 FNU

Målepunkt 2, nedstrøms fangdam 3: 7,6 FNU

Værforhold:

Opphold på måletidspunkt. Regn dagene i forkant.

Observasjoner:

Middels vannføring i Kloppedalsbekken. Tydelig partikkelforurenset vann i Kloppedalsbekken og ved fangdam 2 og fangdam 3. Vannet rant ikke over kanten ved fangdam, men på sidene og under.

Observerte grunnarbeider på Mjåtveit Næringspark i nærheten av fangdam 1, samt mindre gravearbeider sør for område B5.



Bilde fangdam 2.



Bilde fangdam 3.



Bilde av Kloppedalsbekken mellom fangdam 2 og fangdam 3.



Bilde viser at det har vært gravd på et mindre område sør for B5.

## Vannprøve 26.08.22

Målepunkt 1, nedstrøms fangdam 2: 6,4 FNU

Målepunkt 2, nedstrøms fangdam 3: 50 FNU

Værforhold:

Opphold på måletidspunkt. Regn dagene i forkant.

Observasjoner:

Høy vannføring i Kloppedalsbekken. Tydelig partikkelforurenset vann i Kloppedalsbekken, spesielt ved fangdam 3, men også ved fangdam 2. Observert gravearbeider sør for område B5, like ved Kloppedalsbekken.



Bilde fangdam 3.



Bilde viser pågående gravearbeid på et mindre område sør for B5. Kloppedalsbekken er lagt i rør under dette området.

Miljø & tilsynsavdelinga vurderer at den høge partikkelforureininga som vart målt hadde direkte samanheng med arbeidet med ferdigstilling av utomhusareal til B5.

De kan etter plan- og bygningsloven §32-8 verte pålagt gebyr for brot på pbl.

### **Førehandsvarsel om gebyr for brot**

Vi gjev med dette varsel om at Alver kommune, vil kunne fatte vedtak om ilegging av gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det følgjer av føresegna at kommunen kan påleggje gebyr for denne type brot.

### **Bakgrunn for førehandsvarsel om gebyr for brot**

Alver kommune er kjent med at påkrevd reinsecontainer vart fjerna i 2020. Føresetnad for fjerning var at forureining ikkje skulle skje. Det er no dokumentert at arbeid med tiltak innanfor B5 har ført til vesentleg partikkelforureining av Kloppedalsbekken. Vilråra for rammeløyve og igangsettingsløyve i sak 18/1742 er soleis ikkje stetta.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst

eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følgjer av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at «aktsomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.»

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt fordi det er stilt klare krav i saka for å hindre partikkelforureining i forbindelse med utbygginga. Vi vurderer brotet som grovt uaktsomt fordi kommunen på eit tidlgegare tidspunkt har hatt oppfølging med føretaket om same problemstilling og at det vart naudsynt med stoppordre.

### Dykkar rettigheter

De har rett til å uttale dykk før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot. **Frist for uttale er sett til 01.02.23.** Vidare har du i samband med byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4 rett til å avstå frå å uttale deg i saka før det vert fatta vedtak om ilegging av gebyr for brot.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr 22/6838 eventuelt gbnr 322/ 190.

### Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8.
- Frist for uttale er minimum 3 veker, jf. plan- og bygningsloven §32-8.
- Rett til å avstå frå å uttale seg i saka, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Mjåtveitmarka B16 As	c/o Byggmester Hitland AS Midtunheia 2	5224	NESTTUN
Rygir Tomteutvikling As	Christen Tranes gate 35	4007	STAVANGER
Tyark As	Strandgaten 19	5013	BERGEN